

# Paa Campen

ca 20 aargang

Sande, Slettebø og Sætre

Vondt skal  
vondt fordriva,  
heiter det. Kva  
med å gyllespreia  
brunsniglane?



## Genialt

Arne Gjerde har parkert på Furuset. Og fotografert. Og sendt e-post:

– Tenkte det var ein sabba forretningsidé å tilby gratis parkering til alle som har kjøpt parkeringsbillett, skriv Gjerde.

Tampenrampen ser ikkje vekk frå at Gjerde kopierer ideen og set opp P-hus på Sydnæs.

VELKOMMEN!

Navn: Norsk Journalistlag

Dato: 24-25.03.14

## Stødig


Nyleg heldt Norsk Journalistlag tariffkonferanse i Bergen. Møterommet var merka på ein slik møte slik at alle trykkleifane og penningsvingarane lett skulle kjenna seg igjen.

Dønhaugkjedlaren

## D-dag?

Alt og alle ser ut til å ha sin eigen, internasjonale dag. Her kan det sjå ut til at ei hverande lokalavis har laga ein ny vri på D-dagen.  
Kvinnheringen

# Montessoriskulen gaar med overskot!




– Da gjelde berre aa finna nye løysinga...



## Sesongklar

Med så mykje vårleg vør, og det uvanleg tidleg på året, gjeld det å gjera seg klar for bikinisesongen, kvar på sin måte.  
faxo.com



Det høyrer ingen stader heime å lura godtruande & pensjonerte bladfykar aprilsnarr. At ein attpå blir servert svindelen av presumtivt gode treningskameratar, er ikkje anna enn ein skandale. Nu skal De høre.

I sju dagar til endes ofra eg meg og låg langflat på dei kanariske strendene. Der gjorde eg ikkje stort anna enn å suga til meg det eg kunne av det vi vestlendingar ikkje har sett snurten av sidan fjoråret. Altså solstråler.

Der låg eg, som elles har problem med å liggja i ro lenger enn eit kvarter, skinnflat på ei solseng. Som ein kylling på grillen. Med jamne mellomrom smurde eg skinnen inn med grillolje (faktor 30), og med like jamne mellomrom snudde eg langsiden og revø, altså baksida, mot sola for å få C-vitaminane jamt fordelt over heile skrotten.

Det var eit slit og nummeret før liggjesår, men så vart eg då òg uvanleg lækkerbrun, årstida og det likkleike utgangspunktet tatt i betraktning.

Problemet er at så få får sjå alt det lækre. Det går liksom ikkje an å gå på butikken eller køyra traktor på Sandvoll i sandalar og stuttbrok i månadskiftet mars/april. Då blir det folkesnakk. Dessutan risikerer eg å bli bura inn.

Difor glede eg meg til tysdagstrimmen på Sunde. Sunde gutane kjem til å gje seg ende over av avundsjuke, tenkte eg då tysdagskvelden 1. april kom og eg sette kursen mot Sunde.

Der var gymdøra stengt. «Vi startar opp att til hausten» sto det på ein lapp. Til hausten! Då er eg jo mann likkleik att! Mon det går an å blotta seg pittelt? På Sunde?

aats